



Pedagogisk grunnplan for barnehagane i Stryn kommune

Fellesskap mellom fjord og fjell...



Innhald

1. Innleiing.....	3
2. Styringsdokument.....	3
3. Barnehagen sitt formål, verdigrunnlag og samfunnsmandat.....	4
3.1. Barnet sitt beste.....	4
3.2. Berekraftig utvikling	4
3.3. Barns medverknad, demokrati, likeverd og likestilling	4
3.4. Eit trygt og godt barnehagemiljø	5
3.5. Livsmeistring og helse.....	5
3.6. Omsorg.....	5
3.7. Danning	5
3.8. Vaksenrolla.....	5
3.9. Leik og læring.....	5
3.10.Kommunikasjon og språk	6
4. Barnehagen som pedagogisk verksemد.....	6
4.1. Arbeid med dei sju fagområda	6
4.2. Arbeidsmåtar	6
4.3. Lærande organisasjon.....	7
4.4. Planlegging, dokumentasjon og vurdering	7
5. Overgangar.....	7
5.1 Når barnet startar i barnehagen	7
5.2 Når barnet bytar avdeling	8
5.3 Barnet sin overgang til skulen	8
6. Samarbeid	8
6.1 Foreldresamarbeid, råd og utval	8
6.2. Tverrfagleg samarbeid – laget kring barnet – tidleg innsats	9
6.3. Barn med særlege behov.....	9
6.4. Andre samarbeidspartar.....	9
Vedlegg 1) HMS, internkontroll og beredskap	11

Framsidebilete: Tonning barnehage på Huaren i Olden. Foto: Tonning barnehage.

1. Innleiing

Velkomen til barnehagesektoren

Stryn kommune er ei tre-nivåkommune. Kommunedirektør er øvste leiar i kommunen. Områda barnehage og skule sorterer under etat for oppvekst og vert leia av kommunalsjef for oppvekst. Nestleiar for etaten har delegert ansvar for barnehageområdet. Kvar barnehage har eigen styrar. I Stryn kommune har vi ein privat og sju kommunale barnehagar.

Oppvekstsenter: [Oppstryn skule og barnehage](#), [Loen skule og barnehage](#), [Nordsida skule og barnehage](#).

Barnehagar: [Vikalida barnehage](#), [Tonning barnehage](#), [Olden barnehage](#) og [Vikane barnehage](#)

Privat barnehage: [Stryn Bedriftsbarnehage](#) (Denne har eigen årsplan)

Årsplanarbeidet for barnehagar i Stryn kommune

Lov om barnehagar (1995) og Rammeplan for barnehagen (2017) pålegg barnehagane å utarbeide ein årsplan. I Stryn kommune sine barnehagar er årsplanen i tre delar:

- Årsplan del 1 - Felles pedagogisk grunnplan for barnehagane i Stryn kommune. I denne delen ligg det *pedagogiske grunnlaget* som gjeld for alle dei kommunale barnehagane.
- Årsplan del 2 - Kvar barnehage har utforma eigen plan som *konkret synleggjer* det *pedagogisk praktiske* arbeidet.
- Årsplan del 3 - Plan for barna sin overgang frå barnehage til skule.

Overordna retningslinjer og eigarforhold

Her syner vi til Stryn kommune sine - [vedtekter](#)

På [strynkommune.no](#) - finn de [Barnehageruta](#) og [Kommunikasjonskanal - Vigilo](#)

Alle dei kommunale barnehagane er miljøsertifisert;



2. Styringsdokument

[Lov om barnehager \(1995\)](#)

[Rammeplan for barnehagen \(2017\)](#)

[FN` konvensjon om barns rettigheter \(1991\)](#)

3. Barnehagen sitt formål, verdigrunnlag og samfunnsmandat

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sitt behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverd og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, å tilgi, likeverd og solidaritet. Verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane (Lov om barnehage §1).

3.1. Barnet sitt beste

Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagen si daglege verksemد og i saker som gjeld dei sjølv. Barn skal jamleg få moglegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen si verksemد. Barnet sitt synspunkt skal leggast vekt på i samsvar med barnet sin alder og mogning. I alle handlingar og avgjersle som gjeld barn i barnehagen, skal kva som er best for barnet, være eit grunnleggande omsyn (Lov om barnehage §3).

I våre barnehagar vurderer vi alltid barnet sitt beste ut frå pedagogisk skjønn i samarbeid med foreldra/føresette, tilsette og andre instansar.

3.2. Berekraftig utvikling

Bærekraftig utvikling handler om at mennesker som lever i dag, får dekket sine grunnleggende behov uten å ødelegge fremtidige generasjoners mulighet til å dekke sine. Det handler om å tenke og handle lokalt, nasjonalt og globalt. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå at dagens handlinger har konsekvenser for fremtiden (Jmf. Rammeplan for barnehagen).

Barnehagen skal i alle samanhengar tenkje berekraft. Dette betyr at vi skal lære barna om miljø og klima. Vi skal vere ein aktør i sosial utjamning, og vi skal tenkje økonomisk og ikkje bidra til overforbruk.

3.3. Barns medverknad, demokrati, likeverd og likestilling

Barnehagen skal bygge sin virksomhet på prinsippet om likestilling og ikke-diskriminering og bidra til at barna møter og skaper et likestilt samfunn. Alle skal ha like muligheter til å bli sett, hørt og oppmuntret til å delta i fellesskap i alle aktiviteter i barnehagen. I eit demokratisk samfunn skal barnehagen være et inkluderende fellesskap der alle får mulighet til å ytre seg, blir hørt og delta (Jmf. Rammeplanen).

Barn skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre, naturen og lokalsamfunnet kring seg. Skal barn medverke må vi gje barna ytringsfridom, som inneber at barn har rett til å uttrykke seg om alle sider ved sitt liv i barnehagen. Vi må ta omsyn til alder og modning hos barna. Dei skal ikkje gjevast eit ansvar dei ikkje er rusta til å ta.

Kanalar for barn sin medverknad:

- Dagleg samhandling mellom barn og tilsette.
- Barnesamtaler/barneintervju individuelt og i grupper. Samlingar/barnemøter.
- Observasjon av einskildbarn/barnegruppa
- Barneinitiert prosjektarbeid.
- Organisering av barnegrupper.

3.4. Eit trygt og godt barnehagemiljø

Lov om barnehagar (kap.8) framhevar alle barn sin rett til eit trygt og godt barnehagemiljø.

Våre tilsette viser respekt for det einskilde barnet samtidig som dei arbeider aktivt for at kvart barn skal oppleve tilhørsle i eit positivt fellesskap. Personale brukar sin samla kompetanse og sitt faglege skjønn når dei planlegg og utfører arbeidet med relasjonar. Gjennom å støtte barna si sosiale utvikling skapar vi eit godt psykososialt barnehagemiljø.

Barnehagane har aktivitetsplikt og eigen handlingsplan som skal sikre at det raskt vert sett inn tiltak dersom ein får kjennskap til at barn ikkje opplever eit trygt og godt barnehagemiljø.

3.5. Livsmeistring og helse

Noko av det viktigaste som skjer dei første leveåra til barna, er at dei lærer om seg sjølve og sin eigenverdi. Dei erfarer kva kjensler dei har, korleis dei kan vere saman med andre og korleis arbeide for å meistre ulike situasjonar. Vi gjev barna positive og ulike sosiale erfaringar samt rettleiar barna til å takle konfliktar og motgang. Dette fremjar trivsel og livsglede. Slik bidrar vi til å skape robuste barn som blir i stand til å takle livet sine oppturar og nedturar. For å skape gode positive relasjonar er det viktig å bruke humor og glede. Dette er med på å fremje barn si psykiske helse og livsmeistring.

3.6. Omsorg

Omsorg er ei praktisk handling. Det er noko barna opplever og føler. Eit profesjonelt omsorgsblikk frå personale i barnehagen er grunnlaget for at alle barn blir sett, forstått, respektert og får den hjelpa dei treng. Ifylgje Rammeplan (2017) skal personale arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men for eit miljø som også verdset barna sine eigne omsorgshandlingar.

3.7. Danning

Rammeplan for barnehagen seier at barnet skal bli eit nyttig samfunnsmenneske, gjennom å lære felles verdiar og normer. Personale utfordrar til undring og inviterer til utforskande samtalar.

Barnehagen sitt oppdrag er å bidra til at barnet får tilhørsle til samfunnet, til naturen og kulturen. Vi støttar barna si identitetsutvikling og verdset ulike meningar i eit demokratisk fellesskap. Det er viktig å synleggjere mangfold og ulikskap. Eit barn som samhandlar godt med andre, kan både tilpasse seg og være ein synleg deltakar som hevdar sin plass.

3.8. Vaksenrolla

Personale skal vere tydelege rollemodellar. Kjærlege og trygge vaksne som er nær barna, er sentralt for å skape ein god barndom. Det handlar om at personale gjennom utdanning og erfaring, har tileigna seg kunnskap som gjer at dei kan ta gjennomtenkte val og utøve profesjonelt skjønn, samt vite kva som er best i enkelte situasjonar. Gjennom refleksjon av faglege og etiske problemstillingar ivaretak dei tilsette relasjonar. I våre barnehagar legg vi vekt på ei aktiv vaksenrolle, der tilsette skapar aktivitet og legg til rette for leik og læring.

3.9. Leik og læring

I barnehagen skal barna møte eit stimulerande miljø som støttar opp om deira lyst til å leike, utforske, lære og meistre. Barna skal få undersøkje, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektiv og få ny innsikt. Barna skal få bruke kroppen og alle sansane i sine læringsprosessar (Jf. Rammeplan for barnehagen). Barna skil ikkje mellom leik og læring. Dei lærer når dei leikar, og leikar når dei lærer. I

eit miljø prega av tryggleik og trivsel er barna nysgjerrige, kreative og lærelystne. Leiken er eit verktøy for barn til å ta innover seg det dei ser, hører og opplever. Den er ein viktig sosial arena for barna. Store deler av dagane i Stryn kommune sine barnehagar vert nytta til leik ute og i naturen. Eit pedagogisk verkemiddel er å dele barna i mindre leikegrupper, ut frå alder, interesser og behov for danning av vennskap. Vi skapar rom og tid til ulike leikeformer som rollelek, konstruksjonslek, samspelleik og regelleik.

3.10.Kommunikasjon og språk

Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk. Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening (Jf Rammeplan for barnehagen). Eit godt språkstimulerande miljø er prega av at dei tilsette nyttar språket i samspel med barna, og legg til rette for språkleg samhandling barn imellom. Språket utviklar seg best når det blir brukt. Barn som strevar med funksjonell tale, må oppleve at det allmennpedagogiske tilbodet også møter deira behov. Dei må kunne kommunisere på alternative måtar. Dette vert det arbeida systematisk med i våre barnehagar gjennom bruk av språkopplæringsprogrammet ASK (Alternativ og supplerande kommunikasjon).

4. Barnehagen som pedagogisk verksemd

Barnehageområdet i Norge sorterer under Kunnskapsdepartementet sitt ansvarsområde. Barnehagen vert rekna som ein del av utdanningsløpet til barna. Barnehagen skal være ei pedagogisk verksemd som skal planleggast og vurderast. Arbeidet skal være forankra i Lov om barnehagar og i Rammeplan for barnehagen.

4.1. Arbeid med dei sju fagområda

For å lette planlegginga av eit variert og allsidig pedagogisk barnehagetilbod er innhaldet i Rammeplanen delt inn i sju fagområde som er sentrale for barna si oppleveling, utforsking og læring. Barna sine interesser for fagområda skal stimulerast, og barnehagen skal bidra til å etablere eit lærande fellesskap. Fagområda er i stor grad dei same som barna seinare møter som fag i skulen.

Dei sju fagområda

1. Kommunikasjon, språk og tekst.
2. Kropp, rørsle, mat og helse.
3. Kunst, kultur og kreativitet.
4. Natur, miljø og teknologi.
5. Mengde, rom og form.
6. Etikk, religion og filosofi.
7. Nærmiljø og samfunn.

4.2. Arbeidsmåtar

Barn møter dei ulike fagområda som ein del av eit samanvevd barneliv i barnehagen. Vi jobbar tverrfagleg, og er innom dei ulike fagområda gjennom måtane vi organiserer kvardagen i barnehagen på. Ulike barnehagrupper får ulike erfaringar til ulike tider. Dette heng saman med at vi tilpassar arbeidet ut frå barna sin alder og føresetnader. Slik legg vi til rette for systematisk progresjon.

Dei tilsette har eit godt blikk for både relasjonar og leikemiljøet, og set barna sine behov fremst i arbeidet med pedagogisk planlegging og organisering i barnehagen.

Barnehagane nyttar variert materiale og utstyr i arbeidet med fagområda; Teknologi og digitale verktøy, spel, bøker, musikk, song, dans, drama, teikning, form og farge. Vi har også samlingar med ulike tema som er forankra i fagområda. Vi føl årets gang gjennom nærmiljøet, naturopplevingar og ulike høgtider som ein del av ein kulturarv.

4.3. Lærande organisasjon

Alle organisasjonar har mål å nå, og måla til barnehageverksemda finn vi i Barnehagelova og Rammeplanen. Barnehagane må legge til rette for ta i bruk alle element i organisasjonen sin for å nå desse måla. Det er dette organisasjonsutvikling handlar om. Vi må tilegne oss ny kunnskap og heile tida vere oppdatert. Stryn kommune har felles kompetanseplan og utvalde satsingsområde som er felles for alle barnehagane. Slik søker ein jamt og systematisk å gje eit felles løft i sektoren, og støtte opp om arbeidet med å utvikle våre barnehagar som lærande organisasjonar.

4.4. Planlegging, dokumentasjon og vurdering

Planlegging er å legge grunnlag for langsignt og systematisk pedagogisk arbeid. Den er meint for å gje kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa, samt fungere som ein arbeidsreiskap. I vår kommune utarbeider kvar barnehage sin eigen konkrete plan for drifta av det pedagogiske arbeidet. Denne planen fortel korleis ein går frå plan til praksis. Planen skal godkjennast av Samarbeidsutvalet ved den einskilde barnehage.

Dokumentasjon handlar om å synleggjere korleis personalet arbeider, og fortel oss om barna si utvikling og læring. Dokumentasjonen gjev personalet, foreldre, lokalmiljø og kommunen informasjon om kva barna opplever, lærer og erfarer. I barnehagen nyttar vi også omgrepene «pedagogisk dokumentasjon». Dette inneber at innsamla dokumentasjon frå det vi ser og erfarer, fører til ny refleksjon og vert vurdert som grunnlag for vidare planlegging av arbeidet.

Vurderingsarbeidet skal bygge på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Barn og foreldre kan også vere deltakarar i vurderingsprosessane. I arbeidet med vurdering legg barnehagen vekt på det einskilde barnet si utvikling og trivsel, korleis barnegruppa fungerer, tilhøve mellom barna og dei vaksne, foreldresamarbeidet og organisering og drift av det pedagogiske tilbodet.

5. Overgangar

Alle barn vil vere innom ulike arenaer gjennom sin oppvekst. Heimen, barnehagen og skulen skal alle spele ei viktig rolle i barnet sitt liv. Det er viktig at overgangar mellom arenaene vert trygge for barnet.

5.1 Når barnet startar i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen tilpassar rutinar og organiserer tid, slik at barnet får bli kjent, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og til andre barn.

Kvar barnehage i Stryn kommune har utarbeida eigen plan for tilvenning av nye barn i barnehagen. Denne blir delt med foreldre slik at alle er godt førebudde i høve ein trygg og god start for barnet.

5.2 Når barnet bytar avdeling

Overgangar skjer også gjennom tida i barnehagen. Når barn skal starte på ny avdeling skal personalet på same måte som når barna startar i barnehagen, sørge for at barn og foreldre får tid og rom til å bli trygge og kjent.

5.3 Barnet sin overgang til skulen

Barnehagen skal, i samarbeid med foreldre og skulen, legge til rette for at barna kan få ein trygg og god overgang. Barn og foreldre kan ha nytte av at barnehage og skule utvekslar kunnskap og informasjon ved denne overgangen. For å overføre informasjon om enkeltbarn må det gjevast skriftleg løyve frå foreldra. Kvar barnehage i Stryn kommune har eigen plan for samarbeid med skulen det siste året i barnehagen. Denne gjev innsikt i korleis ein organiserer overgangen i dei ulike skulekrinsane.

6. Samarbeid

6.1 Foreldresamarbeid, råd og utval

Eit godt foreldresamarbeid er viktig. Barnehagen skal ivareta barn sine behov i nær forståing og samarbeid med heimen (Lov om barnehagar § 4).

Å oppnå best mogleg kontakt med foreldra er ein føresetnad for å kunne samarbeide godt om det einskilde barnet. Barnehagen må gje føresette god kjennskap til arbeidet i barnehagen, lytte og ta imot tilbakemeldingar, slik at dei har reell høve til medverknad.

Kanalar for foreldresamarbeid

For å oppnå eit godt foreldresamarbeid har vi dagleg uformelle samtaler og tilbakemeldingar i bringe og hentetid. Kvar haust har kvar barnehage eit foreldremøte med ulike tema, som omhandlar året som kjem. Gjennom året gjev barnehagane tilbod om to faste foreldresamtalar, fleire dersom det er behov for det. Når eit barn startar i barnehagen har ein ei samtale der ein utvekslar informasjon om barnet og familien sine behov. Gjennom råd og utval kan foreldre vere med på å medverke i barnehagen si verksemde.

Foreldreråd

Alle barnehagar skal ha eit foreldreråd (Lov om barnehagar §4). Foreldrerådet består av alle foreldre/føresette til barna i barnehagen. Foreldra vel ein leiar og ein nestleiar. Foreldrerådet skal fremje samarbeid mellom heim og barnehage. I saker som er viktig for foreldre sitt forhold til barnehagen, har foreldrerådet rett til å uttale seg før vedtak. Ved avstemming i foreldrerådet blir det gjeve ei stemme for kvar frammøtte. Leiar og nestleiar av foreldrerådet er medlem av Samarbeidsutvalet.

Samarbeidsutval

Lov om barnehagar (§4) pålegg alle barnehagar å ha eit Samarbeidsutval. Dette er sett saman av representantar for foreldre/føresette, tilsette og eigar. Tal medlemmer blir fastsett ved den einskilde

eining. Foreldre/føresette og tilsette skal her ha likt tal medlemmer/stemmer. I oppvekstsenterbarnehagar i vår kommune er det felles samarbeidsutval for skule og barnehage.

6.2. Tverrfagleg samarbeid – laget kring barnet – tidleg innsats

Barnehagen og skolen er viktige arenaer for å forebygge, oppdage og følge opp ulike utfordringer som barn og elever møter i hverdagen. Et godt lokalt støttesystem rundt barna og lærerne er viktig for å få til et inkluderende og tilpasset pedagogisk tilbud. («Laget rundt barnet» i Meld. St. 6, 2019–2020)

Stryn kommune legg stor vekt på å gje naudsynt hjelp når det er behov for støtte og tenester fra fleire instansar. Sentrale aktørar i det tverrfaglege arbeidet er:

Barnehagar, Skular, PPT, Barnevern, Helsestasjon, Skulehelsetenesta og Flyktningtenesta.

Kommunen har ansvar for at dei ulike tenestene for barnefamiliar er godt koordinerte. Barnehagen kan formidle kontakt mellom foreldre og andre kommunale instansar. Dersom barnehagen skal ta kontakt med dei ulike tenestene må dei ha skriftleg samtykke frå foreldra/føresette. Barnehagen har meldeplikt til barnevernet, så her gjeld ikkje kravet om foreldra/føresette sitt samtykke (Barnehagelova §46).

I Stryn kommune har kvar barnehage tverrfaglege møter med barnevern, PPT og helsestasjon regelmessig gjennom året. På desse møta kan personalet ta opp NN-saker (anonymt) og få råd og rettleiing for arbeidet og tiltak med barnegrupper eller enkeltbarn.

6.3. Barn med særlege behov

Barnehagelova seier at barn under opplæringspliktig alder, som har rett til spesialpedagogisk hjelp, skal ha dette innanfor det allmennpedagogiske tilbodet (§31)

Barnehagen skal ha eit tilbod til *alle* barn. Det betyr at barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter barna sine behov og føresetnadar. Også når nokon barn treng ekstra støtte i kortare eller lengre periodar.

Når eit barn får tildelt spesialpedagogisk hjelp, er dette ei vurdering ut frå ei sakkunnig vurdering og barnets beste vurdering. Barn som har rett på spesialpedagogisk hjelp har rett på dette uavhengig om barnet går i barnehage.

6.4. Andre samarbeidspartar

Barnehagen er ein viktig del av lokalsamfunnet. Vi utdannar pedagogar og fagarbeidarar i samarbeid med høgskule og vidaregåande skular. Vi tek også imot elevar og praktikantar frå ungdomskular og Nav. Andre samarbeidspartar vi nyttar ofte, er grunnskule, bibliotek og lokalt arbeidsliv i dei ulike bygdene. I tillegg er det også eit nært samarbeid mellom dei ulike barnehagane i kommunen vår, med besøksordningar og felles arrangement.

Felles plattform – felles mål: Ein god barndom!



Den gode barndom er gode vener og tid til leik

Ein god barndom er fylt av kjærleik og tryggleik

Ein god barndom er fylt av variasjon og utfordringar.

Ein god barndom er rik på opplevingar, glede og humor.

Ein god barndom gir barnet ei kjensle av å være av stor verdi og aksept.

Ein god barndom er fridom til å utforske og tid til å arbeide med opplevingar og kjensler.

Ein god barndom er møte med vaksne som har glede av å gå inn i samspel med barnet.

Ein god barndom gjev barnet tru på seg sjølv, framtidia og sine medmenneske.

Ein god barndom er ein barndom der barnet sine gleder og sorger blir tekne på alvor.

Ein god barndom er ein barndom der barnet opplever positiv stadfesting på eigen undring og spørsmål.

Barndomen er ei fase i livet som ein ikkje kan forsøme eller ta att.

Barndomen har sin eigen verdi, den må få si tid.

(Ukjent forfattar)

Foto: Vikalida barnehage på Flo skue

Vedlegg 1) HMS, internkontroll og beredskap

Vigilo (Innsjekk og utsjekk av barn)

- Alle barnehagane nyttar kommunikasjonsplattforma Vigilo. Her har vi innsjekking og utsjekking av barn, samt informasjonsutveksling og kommunikasjon med foreldra.

Rutinar for å sove i barnehagen

- Vi legg til rette for sovetid og kvile i våre barnehagar. Der er alltid personale i nærleiken når barn sov.

Rutinar for tur utanfor barnehagen

- Vi tek med liste over barn som er med på tur, den inneholder også telefonnummer til foreldra.
- Barna har alltid på vestar med barnehagen sitt namn og telefonnummer på.
- Førstehjelpsutstyr og telefon skal alltid vere med på tur.
- Ved transport i bil og buss skal barna vere sikra etter nasjonal føreskrift.

Sjekk av uteområdet/leikeapparat/leikar

- Jamlege kontroller vert utført i tråd med felles kommunal prosedyre.

Brannvernrutinar

- Personalet skal til ei kvar tid vere oppdatert på rutinar ved brann/evakuering.
- Brannøving saman med barna vert gjennomført minst to gongar i året.

Hygiene og smittevern

- Gjeldande rutinar er utarbeida etter krav og retningslinjer fra [folkehelseinstituttet](#).

Mat og måltid i barnehagen

- Barnehagane nyttar [Helsedirektoratet](#) sine anbefalingar.

Parkeringsplassen/porten

- Alle som går gjennom barnehageporten er ansvarleg for at dei let den skikkeleg igjen etter seg! Det er alltid dei vaksne som skal opne/stengje porten, aldri barna sjølve.
- Barn skal aldri gå ut på parkeringsplassen åleine. Ved levering/henting er dette foreldra sitt ansvar. Parker på trygt vis, ver særslig ved rygging, det kan vere små barn i nærleiken.

Politiattest

- Alle tilsette må levere politiattest før dei får starte i jobben.

Fyrstehjelp

- Alle tilsette skal jamleg gjennomføre fyrstehjelpskurs. Dei som har bading/symjehall saman med barn må ha dette kvart år, samt livredning i svømmeopplæringa.

Teieplikt

- Alle som jobbar i barnehagen har teieplikt, og kan ikkje snakke om barn, foreldre eller familiene deira med nokon utanfor barnehagen.

Forsikring og skademelding

- Om eit barn blir skada i barnehagen, slik at barnet må oppsøkje lege/tannlege, blir skaden meldt digitalt til Stryn kommune. Ved førespurnad kan foreldre få ein kopi av denne registreringa. Krav til forsikringsselskap kan meldast via kommunen.

Medisinering

- **Medisinering av barn skal i utgangspunktet skje heime.** Om medisin skal gjevast i barnehagen, må foreldre fylle ut og signere eige skjema for dette. Skjemaet skal innehalde opplysningar om type medisin, tidspunkt den skal gjevast og varigheit av behovet for medisineringa.

Kontakt din barnehage for nærmare informasjon om særlege HMS tiltak som gjeld der.